

Nytt prosjekt «Lokalmat og Reiseliv» 2014



Kort beskrivelse av prosjektet

Målet er å tilrettelegge og synleggjere lokalmat betre i samband med naturbaserte opplevingar. Dette skal igjen munne ut i ferdige pakkar der lokal mat er med å forsterke opplevingane i Nordfjord. Prosjektet omfattar å skape samarbeid mellom lokalmatprodusentar og reiselivsbedrifter, samt informasjon og marknadsføring både mot turoperatørar og forbrukarar.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet «Lokalmat og reiseliv i Nordfjord» skal vere eit målretta samarbeidsprosjekt mellom reiselivsaktørar og lokalmatprodusentar i Nordfjord-regionen. Målet er å få fleire bedrifter til å nytte lokal mat som ein viktig del av sitt produkt.

Prosjektet omfattar

- Skape møteplassar for lokalmatprodusentar og reiselivsbedrifter
- Knytte opp lokal mat, der det er mogleg til attraksjonar, tema, kultur etc.
- Distribusjon av produkt gjennom ulike kanalar.
- Marknadsføring/PR knytta til lokal mat/reiseliv
- Alliansbygging mot diverse partar: Butikkar, overnattingsbedrifter, aktivitetstilbydarar, turoperatørar/incoming m.fl.
- Sikre at det er høg kvalitet på produkta som blir brukt. At aktørane utviklar, distribuerer og marknadsfører konkrete produkt mot prioriterte marknadssegment.
- Støtte opp om festivalar som Matamål og liknande.

Nordfjord har mange gode lokalmatprodusentar, og nokre bedrifter nyttar lokal mat, men vi ynskjer auka fokus på dette.

I ein oppbyggingsfase er det avgjerande at nokre lukkast og utviklar seg, difor ynskjer vi å underbygge nokre av dei som har best føresetnad for å lukkast og viser vilje til satsing. Aktørane som førebels er aktuelle å invitere med er;

- Gloppen Hotell
- Balsnes Gard – Balsnes Fisk og Flesk
- Aabrekk Gard & Lykle
- Nordfjord Hotell

Desse vil bidra med eigeninnsats i gruppa (80t totalt pr. år), men det vil vere midlar til kompetanseheving, pakking og marknadsføring (bl.a synlegheit på nett), reiser og møter.

Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg Reisemål Stryn & Nordfjord

Prosjektleder Reisemål Stryn & Nordfjord

Aktørane deltek i prosjektgruppa.

Prosjekt mål

Mat og opplevingar heng tett saman, målet er å legge til rette og synleggjere lokalmat betre i samband med naturbaserte opplevingar. Det er ein ambisjon om å kople reiseliv og lokalmat slik at begge kjem styrka ut av samarbeidet. Høg kvalitet, lokal historie og gode opplevingar er felles verdier for mat- og reiselivsbedrifter. Prosjektet skal munne ut i ferdige pakkar der lokalmat er med å forsterke opplevingane i Nordfjord. Felles krav for medlemsbedriftene er lokalisering, kvalitetskrav og trua på at alle gode krefter må jobbe saman for å styrkje merkevaren vår.

Vi ynskjer også at erfaringane som kjem ut av prosjektet skal delast med andre potensielle aktørar i Nordfjord. Lukkast vi med målsetjinga vår, vil dette bidra til å styrke opplevingane i regionen, samt auke attraksjonskrafta for Nordfjord som reisemål.

Prosjektet støttar opp om måla i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025: auka verdiskaping for reiselivsnæringa og auka økonomiske overrisslingseffektar i lokalsamfunnet. Vi har mål om fleire gjestedøgn i skuldersesongane og eit meir berekraftig reiseliv.

Kva skal vi gjere?

Saman med desse aktørane vil vi i løpet av prosjektperioden utvikle klare målsetjingar og definere tiltak slik at næringsaktørane kjem styrka ut av samarbeidet, og at vi saman kan skape ei større interesse for lokalmat og vår region, stoltheit over lokale råvarer og matkultur, samt bidra til auka lønsemd. Ynskje er å samle det mangfaldet av varer som «medlemene» våre produserer og løfte desse fram og marknadsføre dei under eitt og same merke. På denne måten når kvar enkelt ut til eit større marked, og aukar lønsemda. Samarbeid med ulike aktørar i reiselivet i regionen bidreg til å gje dei reisande ei heilhetlig oppleving.

Krav frå Fylkesmannen

Inngå skriftlege avtaler med aktørane og definere kva forventningar vi har til deltaking og kva resultat «Lokalmat og reiseliv i Nordfjord» skal oppnå.

Vi har motteke 200.000 kr. frå Fylkesmannen. For fleirårige prosjekt (som vårt – 3 år), vert det gjeve løyving for eitt år om gongen. Dersom framdrifta er tilfredstillande, er Fylkesmannen innstilt på å følgje opp med nye tilskot seinare år. Fylkesmannen tek atterhald om Landbruks- og Matdepartementet kan redusere totalramma for neste år.

Kontaktperson: Beate Vik Hauge

Reisemål Stryn & Nordfjord

Tel. 57 87 40 51 (direkte)

Mob. 907 86 563